
Saknr: 2020/1119-2
Saksbehandlar: Signe Rauboti

Saksgang

| Utval | Utv.saknr. | Møtedato |
|---------------|------------|------------|
| Fylkesutvalet | | 14.02.2020 |

Fråsegn i samband med oppløysing av Stiftelsen Bergensklinikkene

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet støttar ei oppløysing av Stiftelsen Bergensklinikkene, og at stiftinga byter namn til Stiftelsen Rusbehandling i Bergen i oppløysingsperioden.

Samandrag

Styret i Stiftelsen Bergensklinikkene har vedteke å oppløyse stiftinga og at stiftinga byter namn til Stiftelsen Rusbehandling i Bergen i oppløysingsperioden. Vestland fylkeskommune har overteke ansvaret som låg til Hordaland fylkeskommune som opprettar av stiftinga, og skal gje fråsegn i samband med søknad til Stiftingstilsynet om oppløysing og namnebyte.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Styret i Stiftelsen Bergensklinikkene har vedteke å oppløyse stiftinga. Bakgrunnen for oppløysinga er at stiftinga sitt føremål ikkje let seg etterleve, fordi stiftinga sin kapital er utilstrekkeleg til å tilgodesjå føremålet på ein rimeleg måte, jf. stiftingslova (stiftl.) § 46 første ledd bokstav a.

Stiftinga sitt føremål er å hjelpe pasientar og andre med meistring av rusproblem, helse, livsstil og avhengigheit. Stiftinga skal anten direkte eller gjennom andre utøve eller støtte aktivitetar som behandling av pasientar og deira pårørande, fagleg utvikling av stiftinga sine personalgrupper, fagleg og organisatorisk utviklingsarbeid og forskning innan rus- og avhengigheitsarbeid i samarbeid med universitet og høgskular og utvikling av ein nasjonal og internasjonal kompetanseorganisasjon for førebygging og behandling av rusmiddelskader og avhengigheit.

Aktiviteten i stiftinga vart overført til Helse Bergen HF 01.12.19. Ifølgje informasjon tilgjengeleg på Helse Bergen HF sine nettsider, har stiftinga over lengre tid hatt ein krevjande økonomisk situasjon. For meir informasjon om verksemdsoverdraginga sjå: <https://helse-bergen.no/nyheiter/velkommen-til-oss-bergensklinikkene#kva-betyr-dette-for-dei-som-er-pasientar-i-bergensklinikken>

Styret i stiftinga har også vedteke å endre stiftinga sitt namn i oppløysingsperioden til Stiftelsen Rusbehandling i Bergen. Namnebytet gjer det nødvendig å endre § 1 i vedtektene i tillegg til overskrifta.

Stiftinga sine vedtekter er tilgjengelege på nett her: <https://lottstift.no/stiftelsesregisteret/UploadFile/960893328.PDF?rand=961>

Både oppløysing av stiftingar og endring av ei stifting sine vedtekter, er rekna som omdanning etter stiftl. § 45.

Mynde til å vedta omdanning ligg til Stiftingstilsynet, jf. stiftl. § 48. Stiftingstilsynet kan i utgangspunktet berre omdanne etter søknad frå opprettar eller styret i ei stifting. Før Stiftingstilsynet vedtek om omdanning, skal det innhentast fråsegn frå opprettaren, jf. stiftl. § 49. Opprettarane er her Stiftelsen for A-Klinikk på Vestlandet, Blå Kors og Hordaland fylkeskommune. For Hordaland fylkeskommune sin del ligg ansvaret frå 01.01.20 hjå Vestland fylkeskommune.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet, jf. reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.7.

Vurderingar og verknader

Fylkesrådmannen si vurdering er at namnebytet harmonerer med stiftinga sitt føremål. Fylkesrådmannen kan vidare ikkje sjå at det gjer seg gjeldande omsyn som talar imot oppløysing, sidan det ikkje lenger er aktivitet i stiftinga.

Økonomi: Ikkje relevant.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Regional planstrategi: Ikkje relevant.

Konklusjon

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å støtte ei oppløysing av Stiftelsen Bergensklinikkene og at stiftinga byter namn til Stiftelsen Rusbehandling i Bergen i oppløysingsperioden.